



Eide Fjordbruk AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Svar på søknad frå Eide Fjordbruk AS om auka produksjon på lokaliteten 26295 Langøy i Alver kommune

Statsforvaltaren gir Eide Fjordbruk AS nytt utsleppsløyve for produksjon av matfisk av laksefisk på lokaliteten 26295 Langøy. Løyvet gjeld for produksjon i både ope merdanlegg og i lukka anlegg av typen Watermoon.

Løyvet gjeld for ei MTB på 4680 tonn i opne merder og 3600 tonn i lukka einingar. Løyvet gjeld for gjeldande godkjend areal som gir rom for 10 bur på 100 x 100 meter. Etablering av lukka einingar skal erstatte dagens opne merdar. Dersom alle opne merder blir erstatta av lukka einingar, blir lokalitets-MTB sett til 8280 tonn.

Det er sett vilkår om reinsing av utslepp frå dei lukka merdane, og årleg rapportering til Statsforvaltaren av produksjon, fôrforbruk og slamoppsamling.

Kunnskapsgrunnlaget om utsleppsmengder frå lukka anlegg når dei blir regulerte etter MTB er i dag i mangelfullt. Det ei føresetnad at vilkår 1 og vilkår 3.1.2 i løyvet blir talfesta etter at lukka einingar er tatt i bruk. Fire år etter etablering av lukka einingar skal verksemda levere ei utgreiing av utslepp frå dei lukka einingane som vil utgjere kunnskapsgrunnlaget for oppdatering av vilkår 1 og 3.1.2, jf. vilkår 16.1.

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS om løyve til å auke biomasseproduksjonen av matfisk av laks og aure i lukka einingar på lokaliteten 26295 Langøy i Alver kommune datert 18.07.2023, med siste oppdatering av søknaden den 07.10.2025.

Innkomne merknader etter offentlig høyring

Søknaden vart lagt ut til offentlig høyring 26.09.2023. Det kom ein merknad til søknaden frå Naturvernforbundet Nordhordland. Alver kommune hadde ingen merknad til søknaden då det ikkje skulle skje endring i arealbruk og omsøkt produksjonsutviding skulle skje i lukka merder med slamoppsamling.



Naturvernforbundet hadde to merknader: den første gjekk på at tiltaket burde vente til interkommunal plan vert vedteken (som han no er), den andre merknaden var at av omsyn til lusesituasjonen i Fensfjorden burde heile lokaliteten bli drifta i lukka anlegg.

Vedtak

Statsforvaltaren gir Eide Fjordbruk AS nytt løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Kombinert drift i opne og lukka merder gjer at drifta på lokaliteten ikkje kan regulerast etter akvakulturdriftsforskrifta som vart gjeldande i februar 2026. Vilkåra i løyvet følgjer driftsforskrifta, men det er i tillegg sett vilkår om årleg rapportering utsleppsmengder og slamoppsamling.

Løyvet gjeld frå 13. april 2026. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Eide Fjordbruk AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 47 300 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4, sats 5.

Fristar

Frist	Innhald	Vilkår nr.
Innan 4 år etter etablering av lukka einingar	Utgreiing av utslepp frå produksjon i lukka einingar.	16.1
1. mars kvart år	Rapportere utsleppsdata og ev. avvik frå løyvet	10.3
Årleg, i løpet av sommarhalvåret	Strandsonegransking	11.4
Fortløpande	Rapportering av miljøgranskingar og registrering i databasar	11.8

Saksgangen

Om søknaden

Eide Fjordbruk AS har sidan 2016 hatt løyve til produksjon av inntil 4680 tonn MTB av laks og aure på lokaliteten. I 2017 vart det gitt løyve til arealutviding. Anlegget i dag har 10 ringar plassert i to rekker. Det blir no søkt om å plassere lukka anlegg av typen Watermoon på lokaliteten utan at det blir auke i arealbruk. Eide Fjordbruk AS søker om auke i MTB med eit tillegg av 3600 tonn MTB i lukka einingar. Samla MTB på lokaliteten blir då 8280 tonn.

Søknaden frå Eide Fjordbruk AS datert 18.7.2023 fekk først avslag frå Mattilsynet. Søknaden vart seinare endra og Mattilsynet gjorde om på sitt vedtak 01.02.2024. Innhaldet i søknaden har og blitt endra, først og fremst med omtale av val av teknologi. Sidan første versjon av søknaden i 2023 har Eide Fjordbruk AS utvikla si eiga lukka merdteknologi og gitt det namnet Watermoon.

Korrespondanse i saka

Søknaden vart supplert med ytterlegare informasjon den 05.06.2025, 7.10.2025 og 09.04.2026. Eide Fjordbruk AS har og hatt fleire møte med Statsforvaltaren, seinast 16. januar 2026.



Eide Fjordbruk AS har i søknaden skrive at dei har planlagt å produsere ei gitt mengd fisk, men har i kommunikasjonen med Statsforvaltaren vore klåre på at reguleringa av anlegg i sjø er ei gjeven MTB tillating.

Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).

Konfliktar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune (jf. vilkår 3.1.) om konfliktar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.



Statsforvaltaren si vurdering

Grunngjeving for vedtaket

Fordelar og ulemper

Akvakulturproduksjonen i opne merder har utslepp av fôrrestar, ekskrement frå fisken, ulike kjemikal frå notimpregnering og reingjering/desinfisering, lusemiddel og legemiddel og framandstoff som følgjer med fôret. Akvakulturproduksjon i lukka merder reduserer utsleppa av organisk materiale, lusemiddel og kjemikal frå notimpregnering. Overgang til lukka merder kan vere ei utvikling av næringa i retning av meir berekraftige løysingar for drift med lågare miljøpåverknad.

Utsleppsmengder frå lukka anlegg

Utslepp er direkte knytt til fôrforbruk og biomasseproduksjon. Oppdrettsanlegg i sjø blir i dag regulert etter MTB. I opne merdanlegg er det vanleg å produsere om lag 1,5 til 1,6 gonger MTB grensa over ei to-årsperiode, eller ein årleg produksjon på 0,75 til 0,8 gonger MTB grensa. Produksjon i lukka anlegg kan ha anna produksjonsplan. Statsforvaltaren har fått søknader der det er planlagt ein årleg produksjon nær to gonger MTB grensa. MTB er difor eit lite eigna mål for utsleppsmengder frå anlegget.

Biomasseproduksjonen, og utsleppa av nærings salt og organisk materiale, vil blir større når det er ei høgare utnytting av lokalitets-MTB. For lukka anlegg er det to faktorar vi ikkje har sikre tal på. Det første er storleiken på biomasseproduksjonen, det andre er effekten av slamoppsamling. Erfaringane vi har med rapportering av reinsing frå landbaserte settefisk- og postsmoltanlegg tilseier at utsleppsreduksjonen berre gjeld for større partiklar av organisk materiale. Det skjer ingen reduksjon av utsleppa av oppløyste nærings salt. Reduksjon av utsleppa av partikulært organisk materiale vil kunne redusere botnpåverknaden direkte under anlegget.

Regelverket for regulering av utsleppsmengder frå lukka anlegg i sjø er ikkje på plass. Det er store utsleppsmengder, og reguleringa må kunne sjåast i samanheng med reguleringskrava til annan industri og kommunale avløp. Til dømes inneber implementeringa av EU sit avløpsdirektiv svært strenge krav til reinsing i dei same områda der det ligg akvakulturanlegg.

Prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Vi vurderer at auken i årleg biomasseproduksjonen på lokaliteten Langøy inntil vidare vil vere innafor resipienten si tolegrense. Det er usikkerheit knytt til korleis miljøtilstanden vil endre seg når løyva til dei landbaserte anlegga i området blir tatt i bruk. Statsforvaltaren vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Vassførekomsten Fensfjorden er frå før noko påverka av andre kjende utsleppskjelder. Den samla belastninga på resipienten vil auke noko ved etablering av eit anlegg når utsleppsløyvet blir auka, men det skal samstundes nyttast utsleppsreduserande teknologi. Det er likevel ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre heile vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Eide Fjordbruk AS bør ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.



Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at auke i årleg biomasseproduksjon på lokaliteten Langøy er akseptabelt sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Det blir gitt nytt utseppsløyve i tråd med søknaden, men og sett krav til slamoppsamling frå dei lukka einingane. Det blir og sett vilkår om årleg rapportering av utseppsdata.

Då MTB ikkje er eit godt mål for utseppsmengder, er det naudsynt å presisere at dette løyvet gjeld for allereie godkjent areal for 10 bur. Kvar lukka eining blir erstatning for dagens opne merd. Kunnskapsgrunnlaget for fastsetjing av utseppsmengder i lukka anlegg er ikkje til stades. Søkjar har ikkje talfesta årlege produksjonsmengder, men kan gjennom dokumentasjon og rapportering syne effekten av slamoppsamling og utseppsreduksjon av organisk materiale.

Statsforvaltaren ønskjer ei utvikling av næringa i retning av reduserte utsepp og redusert miljøpåverknad. Vi gir difor eit løyve til utsepp sjølv om løyvet ikkje er tydeleg på kor store utseppa blir. Difor er det naudsynt med vilkår i løyvet om at fastsetjing av utseppsmengder og utseppsreduksjon (reinsekra) skal talfestast. Eide Fjordbruk AS skal levere ei utgreiing innan fire år etter at Eide Fjordbruk AS har tatt i bruk lukka einingar på lokaliteten.

Grunngjeving for utvalde vilkår

Miljørisiko og tiltak (vilkår 6 og 12 i løyvet)

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og kunne gjere greie for risikoen for forureining jf. vilkår 12.1 om miljørisikoanalyse. Tiltak skal settast i verk for å eliminere eller redusere risiko for skade på miljøet jf. vilkår 12.2. Kunnskap om natur og miljø som kan påverkast av eventuelle utsepp må innlemmast i vurderingane. Til dømes må påverknad på kjent sårbar natur vurderast særskilt.

Vi manglar kunnskap om korleis ein del kjemikal og legemiddel knytt til medisiner og parasittmedikament verkar på miljøet over tid. Difor må dei kjemikala som vert brukt risikovurderast med omsyn til om dei kan ha skadelege effektar på helse og miljø jf. vilkår 6.1.

Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 11 i løyvet)

Løyve til utsepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utseppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at den driftsansvarlege skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må effekten som utseppa har på miljøet overvakast. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen.

Overvaking av sink og andre miljøgifter (vilkår 11.2 i løyvet)

For å unngå miljøskade har vi i vilkår 11.2 sett krav om overvaking av alle miljøgifter som anlegget har utsepp av, slik at tiltak kan setjast inn i tide, før nivåa vert for høge.

Prøvetaking skal gjerast i samband med resipientgranskingar, og takast både ved utseppspunkt og utover i resipienten. Dette vil gi tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om det er behov for utvida prøvetaking eller tiltak. Lista over prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff er lang, men prøvane skal berre analyserast for dei stoffa som verksemda har sleppt ut.



Fråsegn til fylkeskommunen om verknader for natur og friluftsliv

Denne søknaden inneber ikkje arealutviding. Statsforvaltaren har vurdert søknaden som ikkje å ha ytterlegare negativ innverknad på natur- og friluftslivsinteresser i området.

Faktagrunnlag

Generelt om utslepp frå akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare.

Organiske utslepp

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyse næringsstoff og organiske partiklar. Næringsstoffa har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Kjemikal og miljøgifter

Merdbasert akvakulturproduksjon vil ha utslepp av legemiddel, impregneringsmiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel som kan ha skadeleg effekt også på naturmangfaldet nær utsleppspunktet. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter. Det er venta at utsleppa av legemiddel, lusemiddel og impregneringsmiddel vil bli vesentleg lågare i eit lukka anlegg.

Avfall og biprodukt

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

Tilhøvet til plan

Det skal ikkje vere endringar i arealbruk. Lokaliteten er frå tidlegare sett av til næringsføremål i arealdelen av kommuneplanen for Alver kommune.



Resipient og lokalitet

Vassførekomsten Fensfjorden

Truga artar og naturtypar

Denne søknaden gjeld auka produksjon på areal som allereie er klarert for akvakultur og har vore i bruk til det i lenger tid. Påverknad på miljø blir handsama under utslepp.

Miljøtilstanden i vassførekomsten

Langøy er lokalisert i vassførekomsten Fensfjorden (0261040101-11-C). I vann-nett står vassførekomsten oppført med moderat økologisk tilstand. Årsaka er målingar av dei vassregionspesifikke stoffa dibenzo(a,h)anthracene og benzo(a)anthracene i sedimenta. Desse miljøgiftene kjem truleg frå forbrenning av hydrokarbonar. Parametrane knytt til eutrofiering har alle tilstandsklasse svært god (oksygen, makroalgar og botnfauna) og god (planteplankton).

Kjemisk tilstand er dårleg grunna for høge målingar av fleire miljøgifter. Målingane av miljøgifter i vassførekomsten har truleg samanheng med dei store industrianlegga på Mongstad og Sløvåg. Det er og målt for høge verdiar av kvikksølv i blåskjel.

Reinsing i lukka og semilukka anlegg i sjø

Lukka og semilukka anlegg i sjø har eit reinsesystem basert på partikkelsedimentasjon inne i eininga. Det er store vassmengder som blir pumpa gjennom anlegget, med hovudmengda av vatnet som blir nytta går til overløp i øvre del av anlegget, medan sedimenterte partiklar og daudfisk blir pumpa opp og filtrert. Berre ein mindre del av den totale vassmengda som går gjennom anlegget blir filtrert gjennom trommelfilter og bandfilter. Til samanlikning til alt vatnet som blir nytta i ein landbasert anlegg kunne blir reinsa ved filtrering av alt vatn.

Statsforvaltaren har sidan 2018 fått inn utsleppsrapportar frå dei anlegga som er komne i drift i Vestland og har krav om utsleppsreduksjon. Mange anlegg har støtt på utfordringar med teknologien, og resultatata av slamoppsamlinga er sprikande. Variasjon i resultatata heng truleg og saman med manglande standardisering av system for prøvetaking og analysar. Statsforvaltaren legg til grunn at det vil skje ei utvikling i retning av å stabilisere dei beste resultatata som er oppnådde så langt.

Utsleppa frå Watermoon og andre lukka anlegg

Eide Fjordbruk har gjennomført to utsett i Watermoon. Erfaringane frå første utsett synte utfordringar med innkøyring av på føringssystema i anlegget, noko som resulterte i at førfaktor vart for høg. Høg reinseeffekt kunne difor forklarast med for høg førfaktor.


Andre utsett synte at anlegget vart drive med normal til låg forfaktor og svært låg dødelegheit. Slamoppsamlinga fungerte, med reduksjon av nitrogen med 7,3 %, fosfor med 43,6 % og TOC med 19,5 %.

Statsforvaltaren har avgrensa erfaring med reinseffektar i lukka anlegg i sjø. Førebels ser det ut som at førfaktor er på nivå med andre anlegg. Samanlikna med slamoppsamling frå opne merdanlegg ser det til ut til at lukka anlegg har betre reinseffekt, men reinseffekten ser ut til å vere litt lågare enn for landbaserte anlegg der alt vatn blir filtrert.




Utslepp av sink

Statsforvaltaren har observert at fleire vassførekomster kjem i moderat tilstand eller er på veg mot moderat tilstand grunna høge målingar av sink. Sink er eit av tilsatsstoffa i fiskefôret, og som synt i figur 1 skjer det ei opphoping av sink under og like ved oppdrettsanlegga.



Figur 1: Sinkmålingar i sediment ved akvakulturanlegg i Vestland. Grafen er basert på ca. 1200 malingar.



Figur 2: Sinkmålingar på C2 stasjonen ved akvakulturanlegg i Vestland dei siste 9 åra.

Det er langt lågare sedimentering av sink når avstanden til merdkant overstig eit par hundre meter. Men samstundes ser vi at det på C2 stasjonen er det og ei svak auke i sinkkonsentrasjonen over tid, jf. figur 2.

Samstundes er skal det takast med at oppdrett er ikkje den største kjelda til sinkutslepp til kystvatn i Norge. Sink blir i stor grad nytta for korrosjonsvern, både ved galvanisering og ved bruk av offeranodar.

Reduserte sinkutslepp ved slamoppsamling

Fôret er tilsett Zn i mineralsk form av omsyn til fiskehelse og vekst. Ein del blir att i fisken, medan sink er konsentrert i avføringa frå fisken. Fiskefôr inneheld 168 mg Zn/kg, fisken inneheld 32 mg



Zn/kg og fiskeavføring (slam) inneheld 373 mg Zn/kg. Empiri vi har frå reinsing av utsleppa frå landbaserte anlegg har synt av utsleppsmengder er sterkt kopla til forfaktor. I snitt har dei landbaserte anlegga ei slamoppsamling tilsvarande 10% av fôrforbruket. Gitt at det i eit matfiskanlegg er mogleg å har ei slamoppsamling tilsvarande 10 % av fôrmengd som er nytta, vil utsleppet av sink kunne bli redusert med om lag 30%.

Klagerett

Fjordbruk AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Hedda Dugstad Østgaard
rådgjevar

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Eide Fjordbruk AS lok Langøy - utsleppsløyve

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET
MATTILSYNET

Postboks 185 Sentrum
Felles postmottak Postboks
383

5804 BERGEN
2381 BRUMUNDDAL

ALVER KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
NATURVERNFORBUNDET
NORDHORDLAND

Postboks 4
Askedalen 2
c/o Jan Nordø Hoplandssjøen
74

5906 FREKHAUG
6863 LEIKANGER
5943 AUSTRHEIM



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i *lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 18.

Dette løyvedokumentet er ajourført 14.04.2026 og erstattar tidlegare løyvedokument.

Dersom den driftsansvarlege¹ ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må den driftsansvarlege i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Den driftsansvarlege bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 2 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om den driftsansvarlege

Akvakulturlokalitet ²	26295 Langøy	
Produksjonskapasitet	Inntil 8280 tonn MTB matfisk av laksefisk i lukka einingar og opne merdar. Produksjon i opne merdar skal ikkje overstige 4680 tonn MTB.	
Kommune og fylke	Alver i Vestland	
Verksemd	Eide Fjordbruk AS*	
Postadresse	Støavegen 98, 5640 Eikelandsosen	
Org. nummer	866 751 242	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2026.0292.T	4631.0087.02*	20/9037- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
60° 46,768' N 05° 09,600' Ø	Fensfjorden 0261040101-11-C	Nordhordland

*Grunna samlokalisering gjeld løyvet og for anleggsnummer 4631.0087.05 Ewos Innovation, 4631.0087.06 Troland Laks, 4631.0087.08 Engesund Fiskeoppdrett og 4631.0087.10 Vestland fylkeskommune.

Løyve gjeve fyrste gong: 14.04.2026	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova:	Dato for siste endring:
Hedda Dugstad Østgaard rådgjevar	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

¹ Definisjonar i løyvedokumentet:

verksemd: den forureinande aktiviteten på ein bestemt lokalitet

driftsansvarleg: den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda

² Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Innholdsliste

1.	Rammevilkår	4
2.	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4
2.4	Utsifting av utstyr	4
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
3	Utslepp til vatn	4
3.1	Utsleppsavgrensingar	4
3.1.1	Organisk belastning	4
3.1.2	Krav om utsleppsreduksjon	5
3.1.3	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel	5
3.2	Diffuse utslepp	5
4	Utslepp til luft	5
4.1	Lukt	5
5	Grunnforureining og forureina sediment	6
6	Kjemikal	6
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel	6
6.2	Impregnerte nøter	6
6.3	Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten	6
7.	Støy og lys	7
7.1	Støy	7
7.2	Lys	7
8.	Energi	7
8.1	Energileiing	7
8.2	Utnytting av overskotsenergi	8
8.3	Spesifikt energiforbruk	8
9.	Avfall	8
9.1	Generelle krav	8
9.2	Handtering av farleg avfall	8
9.2.1	Generelle krav til handtering	8
9.3.	Handtering av produksjonsavfall og slam	9
9.4	Plast	9
10.	Utsleppskontroll og journalføring	9
10.1	Utsleppskontroll	9
10.2	Journalføring	10
10.3	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data	10
11	Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren	10
11.1	Krav til gransking av organisk belastning	11
11.1.1	Tilleggsgranskingar ved redusert miljøtilstand	11
11.1.2	Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad	11
11.2	Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff	11
11.2.1	Gransking av stoff i samband med C-granskingar	11
11.2.2	Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier	12
11.2.3	Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand	12
11.3	Hydrografimålingar	12
11.4	Strandsonegransking	13
11.5	Makroalgegransking	13
11.6	Kartlegging/Vurdering/Overvaking av sårbar natur	13
11.7	Støykartlegging	13

11.8	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	13
11.8.1	Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak	13
11.8.2	Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	13
12	Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining	14
12.1	Miljørisikoanalyse	14
12.2	Risikoreduserande tiltak	14
12.3	Beredskap mot akutt forureining	14
13	Eigarskifte	14
14	Nedlegging og driftsstans	15
15	Tilsyn	15
16	Granskingar og utgreiingar	15
16.1	Utgreiing av utslepp frå lukka einingar	15

Endringslogg

Endring nr.	Dato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Den driftsansvarlege må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til den driftsansvarlege. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av matfisk i sjø ved lokaliteten 26295 Langøy. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld for kombinert drift i både opne merdar og lukka einingar. Total produksjon skal ikkje overstige en MTB på 8280 tonn. Produksjonen i opne merdar er avgrensa til ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på inntil 4680 tonn på lokaliteten.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om alle vilkåra i løyvet er oppfylt, pliktar den driftsansvarlege å redusere all forureining, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utsifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining og annan negativ verknad på miljøet.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal den driftsansvarlege syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C₂) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøvestasjon C₃-C_n) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal den driftsansvarlege syte for å gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

Strandsona og grunne område i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

3.1.2 Krav om utsleppsreduksjon

Dei lukka einingane skal ha utstyr for slamoppsamling. Kunnskapen om reinseeffektar i lukka anlegg i sjø er enno mangelfull. Etter fire års drift skal dette punktet i løyvet konkretiserast med utsleppsgrenser for N, P og TOC frå produksjon i lukka einingar.

Ei utgreiing av utsleppa vil inngå i kunnskapsgrunnlaget som statsforvaltaren kan nytte til å konkretisere utsleppsgrenser for produksjon i lukka einingar, jf. vilkår 16.1.

3.1.3 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som til dømes kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i punkt 3.1.1 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Slike utslepp er tillatne ved lokaliteten uavhengig av om utsleppet skjer frå merd eller frå brønnebåt.

Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at stoff som er nemnt i vassforskrifta³ sine lister over prioriterte, andre EU-utvalde eller vassregionspesifikke stoff⁴ over tid blir akkumulert i sedimenta slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar fastsette for sediment, jf. punkt 11.2.

3.2 Diffuse utslepp

Akvakulturanlegget skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast med sikte på å avgrense luktulemper.

³ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

⁴ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassefisering av vann, sediment og biota](#)

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal ikkje føre til urimelege luktulemper for naboar eller nærmiljøet elles.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Det er ikkje sett vilkår om grunnforureining og forureina sediment på land ettersom løyvet ikkje omfattar ein landbase.

6 Kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld bruk av kjemiske stoff og stoffblandingar som til dømes desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal den driftsansvarlege dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon.

Den driftsansvarlege pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Den driftsansvarlege skal kontinuerleg vurdere faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til både bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar den driftsansvarlege å bruke desse så langt dette ikkje gir urimeleg kostnad eller ulempe⁵.

Den driftsansvarlege pliktar å vurdere alternative førebyggjande metodar mot sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Impregnerte nøter

Ved reingjering av nøter som er impregnert med miljøfarlege kjemikal, skal det gjerast tiltak for å minimera utsleppa. Miljøfarlege kjemikal er her definert som stoff eller stoffblandingar som kan gi akutt skade og/eller har langtidsverknader i miljøet. Utslepp av impregneringsmiddel skal overvakast dersom stoffa er vassregionspesifikke stoff⁶, eller dersom stoffa er nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2⁷, jf. punkt 11.2.

6.3 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal den driftsansvarlege informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga. Dette inkluderer omtale av artar og naturtypar ved

⁵ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁶ [Grenseverdier for klassifisering av prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer - Vannportalen](#)

⁷ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen - Vedlegg VIII. Miljøkvalitetsstandarder for miljøgifter i vannforekomster - Lovdata](#)

lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at støy- og lysulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Bruk av tenesteleverandørar skal også planleggast med sikte på å avgrense støy- og lysulemper.

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ($L_{pAekv12h}$) Laurdagar, sundagar og heilagdaggar: 50 dB ($L_{pAekv12h}$)	50 dB ($L_{pAekv4h}$)	Gjennomsnitt: 45 dB ($L_{pAekv8h}$) Maksimum: 60 dB (L_{AFmax})

L_{pAekvT} : gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

L_{AFmax} : gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Den driftsansvarlege skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport ved anlegget og eventuell landbase og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av den driftsansvarlege sine tilsette til og frå arbeidsplassen, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygningar nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

7.2 Lys

Lyskjelder som blir nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synlege ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8. Energi

8.1 Energileiing

Den driftsansvarlege skal ha eit system for energileiing med kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og

drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til den driftsansvarlege, og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Den driftsansvarlege skal i størst mogleg grad sørge for at overskotsenergi vert nytta internt, med mindre dette ikkje er teknisk mogleg eller gir urimelege kostnader.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk skal bereknast og journalførast, jf. vilkår 10.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Den driftsansvarlege pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda.

For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Den driftsansvarlege skal i størst mogleg grad sørge for å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemdar sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg eller fører til urimelege kostnader, skal avfallet materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Den driftsansvarlege skal redusere risikoen for marin forsøpling mest mogleg. Den driftsansvarlege pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsett i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁸.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettast den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til omgjevnadane. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader⁹. Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu₂O)¹⁰, reknast m.a. som farleg avfall.

⁸ Sjø m.a. avfallsforskrifta og kapittel 18 i forureiningsforskrifta

⁹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) § 11-8

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering.
- b. Den driftsansvarlege skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra.
- c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
- d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
- e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke¹¹ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom den driftsansvarlege kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern av miljøet.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

9.3. Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Den driftsansvarlege skal ha beredskap for å hindre forureining ved massiv fiskedød.

9.4 Plast

Den driftsansvarlege skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå fôrslangar til nøter og tauverk og anna.

10. Utsleppskontroll og journalføring

10.1 Utsleppskontroll

Den driftsansvarlege pliktar å systematisk kartleggje verksemda sine utslepp til vatn, og etablere ein utsleppskontroll som er del av verksemda sin dokumenterte internkontroll.

Utsleppskontrollen må bygge på informasjon om forbruk av fôr, produsert fiskebiomasse, mengd oppsamla slam og totalinnhaldet av nitrogen, fosfor og organisk karbon (tot-N, tot-P og TOC) og miljøgifter nemnt i vassforskrifta⁶ (vedlegg VIII C og D nr 2 og vassregionspesifikke stoff) i fôr, fisk og slam.

Som del av utsleppskontrollen skal det utarbeidast eit måleprogram. Dette skal som eit minimum omfatte:

1. Prøveuttak frå slam
2. Prøvetakingsfrekvensar
3. Prøvetakingsprosedyrar
4. Analyse av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og eventuelle miljøgifter i slam.

Resultata av målingane skal samanstillast med produksjons- og slamoppsamlingsdata, for å berekne utsleppa til vatn. Utrekningane skal gi oversikt over stoff-flyten/massebalansen for tot-N, tot-P, TOC og miljøgifter i produksjonen.

¹¹ Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.

Den driftsansvarlege skal sikre at utsleppskontrollen er representativ, og vurdere usikkerheita i talmaterialet som utgjer utsleppskontrollen.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

10.2 Journalføring

Følgjande punkt skal journalførast og oppbevarast i minst fem år:

1. Årleg biomasseproduksjon inkludert dødfisk
2. Årleg fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn, konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta¹² vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff)
3. *Mengd oppsamla slam, analyse av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og miljøgifter i slam (same som i fôret).*
4. Årleg kjemikalieforbruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
5. Årleg legemiddelforbruk (legemiddeltype, produktnamn, mengd, forbruksperiode-og tilbakehaldingstid)
6. Impregnerte nøter (impregneringsmiddel, virkestoff, samt når og korleis nøtene er grovreingjort)
7. Ensilasje (årleg mengd, og kven ensilasjen er levert vidare til)
8. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta, inkludert frå transport, lossing, lasting, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, og namn, adresse og kontaktinformasjon til personar som har meldt frå.
9. Rapportar frå gjennomførte miljøgranskingar
10. Energiforbruk

10.3 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data

Den driftsansvarlege skal rapportere utsleppsrelevante data på den måten Statsforvaltaren bestemmer. Som eit minimum skal den driftsansvarlege innan 1. mars kvart år rapportere følgjande data frå året før til Statsforvaltaren:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. daudfisk
2. Årleg mengd oppsamla slam, resultat av analysar av innhald av tørrstoff, tot-N, tot-P og TOC og eventuelt av miljøgifter i slammet.
3. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype.
4. Fôret sitt handelsnamn og eventuell konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff.
5. Årleg forbruk av legemiddel: type, produktnamn, mengd og forbruksperiode.
6. Impregnerte nøter: virkestoff (type og konsentrasjon) og mengd.
7. Ensilasje: årleg mengd og kven det er levert til.

Ved samdrift/samløysing skal det sendast inn ein felles rapport som viser totalen for lokaliteten.

11 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren

Den driftsansvarlege skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av sin aktivitet. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Den driftsansvarlege skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det trengst andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal

¹² [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

inngå i denne vurderinga. Den driftsansvarlege må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Den driftsansvarlege pliktar å gjennomføre meir omfattande miljøgranskingar dersom Statsforvaltaren finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Den driftsansvarlege kan også bli pålagt å delta i felles overvåkingsprogram saman med andre verksemder som har utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

11.1 Krav til gransking av organisk belastning

Den driftsansvarlege skal syte for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultata frå C-granskinga skal seinast innan 6 månader frå feltdato vere dokumentert i ein rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknaden frå anlegget og eventuelle tilrådde utbetrande tiltak. Rapporten skal så snart den er ferdig sendast inn til Statsforvaltaren, jf. punkt 11.8.

11.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert miljøtilstand

Dersom ei C-gransking etter NS9410:2016 syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den samla økologiske tilstanden i overgangssona (summen av C3, C4, osv.) er dårlegare enn moderat, skal den driftsansvarlege gjennomføre tilleggsgranskingar i samsvar med ein eigen plan. Denne planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapporten frå C-granskinga er ferdig, jf. punkt 11.8.

11.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad

Dersom rapportar frå tilleggsgranskingar jf. punkt 11.1.1 syner at utslepp frå verksemda bidreg til den reduserte miljøtilstanden i overgangssona, skal det lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak for å betre miljøtilstanden i samsvar med planen.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingane er klare. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

11.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff

11.2.1 Gransking av stoff i samband med C-granskingar

I samband med C-granskingar omtalt i punkt 11.1 skal det samtidig takast ein sedimentprøve på same måten ved merdkant nedstraums anlegget i hovudstraumretninga.

Sedimentprøven frå merdkant og ein sedimentprøve frå kvar av prøvestasjonane i C-granskinga skal analyserast for innhald av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2¹³, som har blitt sleppt ut på lokaliteten etter førre gransking.

¹³ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen - Vedlegg VIII. Miljøkvalitetsstandarder for miljøgifter i vannforekomster - Lovdata](#)

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff¹⁴, skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa. Sjå og rettleiing frå Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet til akvakulturdriftsforskrifta om kva stoff som skal analyserast¹⁵.

Sedimentprøven frå merdkant skal i tillegg analyserast for følgjande støtteparameter: partikkelfordeling, totalt organisk materiale, totalt organisk karbon og totalt nitrogen.

Prøvetakinga skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

11.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier

Dersom resultata frå tilleggsgranskingar jf. punkt 11.2.1 viser resultat for prøvestasjon C2 som er høgare enn grenseverdiane for tilstandsklasse II i rettleiar M-608-2016 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sedimentar og biota»¹⁶, skal det utførast fleire granskingar. Det same gjeld om konsentrasjonen av dei nemnte stoffa i første ledd i sedimentprøva frå ein av dei andre stasjonane overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.

Det skal lagast ein plan for granskingane som skal gjerast i samsvar med rettleiar for risikovurdering av forureina sediment¹⁷ og rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Granskingane skal gjerast for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast drifta av akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultata frå granskingane er klare. Resultata frå tilleggsgranskingane skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

11.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand

Det skal lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden dersom tilleggsgranskingane jf. punkt 12.2.2 syner at utslepp frå verksemda av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff, bidreg til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømål fastsett i samsvar med vassforskrifta, eller at gravande botndyr ikkje kan eksistere i anleggssona, overgangssona eller resipienten.

Tiltaksplan skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingar er klare. Statsforvaltaren kan pålegga den driftsansvarlege å utføre ytterlegare tiltak.

11.3 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet ut over krava som følger av vilkår 11.1.

¹⁴ [Grenseverdier for klassifisering av prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer - Vannportalen](#)

¹⁵ [Veileder til forurensingsregelverket for havbruk | Fiskeridirektoratet](#)

¹⁶ [Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota - miljødirektoratet.no](#)

¹⁷ [Veileder M-409 2015 Risikovurdering av forurenset sediment](#)

11.4 Strandsonegransking

Den driftsansvarlege skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget eller tilhøyrande landbase. Eventuelt avfall skal fjernast.

Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete. Avfall inkludert marin forsøpling er regulert i punkt 9.1.

Den driftsansvarlege skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden om synfaringa syner at strandsona er synleg påverka av forureining frå akvakulturanlegget. Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

11.5 Makroalgegransking

Den driftsansvarlege skal overvake tilstanden syte for overvaking av tilstanden til makroalgane i strandsone og grunne område i overgangssonen i samsvar med rettleiar 02:2018 for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Den driftsansvarlege skal lage ein plan for overvakinga som skal sendast inn til Statsforvaltaren.

11.6 Kartlegging/Vurdering/Overvaking av sårbar natur

Det er ikkje sett krav til spesiell kartlegging/vurdering/overvaking av sårbar natur i løyvet.

11.7 Støykartlegging

Det er ikkje sett krav til støykartlegging i løyvet.

11.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vanmiljø, Artskart og Naturbase

11.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 11 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren.

Under er det gitt ei enkel oversikt over kva som skal sendast inn. Nærare informasjon om kva som skal sendast inn og kva frist som gjeld er spesifisert i delkapitla til punkt 11.

1. Rapport frå C-gransking, jf. punkt 11.1
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 11.1.1 og 11.1.2
2. Rapport frå miljøgranskingar av stoff, jf. punkt 11.2.1
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 11.2.2 og 11.2.3
3. Eventuell tiltaksplan for strandsonegransking, jf. punkt 11.4
4. Plan og rapport for makroalgegransking jf. punkt 11.5

11.8.2 Registrering i Vanmiljø, Artskart og Naturbase

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 11, bortsett frå punkt 11.4 strandsonegransking, skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹⁸. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald under punkt 11.5 og 11.6 skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Den driftsansvarlege skal til ei kvar tid ha oversikt over forhold ved verksemda som kan medføre forureining, og kunne gjere greie for risikoforhold. Den driftsansvarlege skal gjennomføre ei miljørisikoanalyse av verksemda og vurdere resultata opp mot akseptabel miljørisiko. Vurderinga skal ta omsyn til ekstremvær, flaum og klimaendringar.

Den driftsansvarlege skal kartlegge potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft.

Risikoanalysen skal innehalde ei dokumentert skildring av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan bli påverka av forureining frå verksemda.

12.2 Risikoreduserande tiltak

Med grunnlag i miljørisikovurderinga, jf. punkt 12.1, skal den driftsansvarlege, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk risikoreduserande tiltak for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Risikoreduserande tiltak omfattar både tiltak som reduserer sannsynet for, og konsekvensane av, uønskte hendingar.

12.3 Beredskap mot akutt forureining

Dersom dei risikoreduserande tiltaka etter punkt 12.2 ikkje reduserer risikoen for akutt forureining til eit akseptabelt nivå, skal den driftsansvarlege etablere beredskap med tilhøyrande beredskapsplan, basert på den driftsansvarlege si miljørisikovurdering.

Beredskapsplanen skal beskrive organisering av beredskapen, naudsynt utstyr, responstid og innsatsplanar.

Beredskapen skal vere tilpassa restrisikoen etter gjennomførte risikoreduserande tiltak.

Den driftsansvarlege skal etablere ein beredskapsorganisasjon med naudsynt personell og utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for restrisikoen.

Beredskapen skal øvast minst ein gong per år.

13 Eigarskifte

¹⁸ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal den driftsansvarlege sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

14 Nedlegging og driftsstans

Ved nedlegging eller stans skal den driftsansvarlege syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daut fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁹. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand. Den driftsansvarlege skal også for nedleggingsåret rapportere i samsvar med punkt 11.4.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal den driftsansvarlege gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

15 Tilsyn

Den driftsansvarlege pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev myndigheit til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

16 Granskingar og utgreiingar

16.1 Utgreiing av utslepp frå lukka einingar

Den driftsansvarlege skal innan fire år etter etablering av lukka einingar gjere ei utgreiing av utsleppa frå produksjonen i lukka einingar som skal sendast til statsforvaltaren. Utsleppsrelevante data skal nyttast i utgreiinga, saman med eventuelle resultat frå andre lokalitetar der den driftsansvarlege nyttar lukka teknologi. Utgreiinga må innehalde ei vurdering av kva utsleppsgrenser for tot-N, tot-P og TOC som er mogleg å oppnå for dei lukka einingane.

¹⁹ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall